



KVINNHERAD
K O M M U N E

Kommunedirektør

2026/5062-2

06.08.2026

Referansenummer 202601321.

Administrativt handsama i Kvinnherad kommune

Høyringsfråsegn – revisjon av forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta)

Kvinnherad kommune ser positivt på at regelverket vert gjennomgått og oppdatert i lys av ny kunnskap, klimaendringar og eit meir komplekst risikobilde og takkar for høvet til å gje innspel til høyringsnotatet om revisjon av damsikkerheitsforskrifta.

Kommunen støttar hovudretninga i arbeidet med å styrkje sikkerheita ved vassdragsanlegg. Særleg vurderer vi det som viktig at forskrifta i større grad legg til rette for systematiske risikovurderingar og tydeleggjer ansvarsforholda. Ei utvikling mot meir funksjonsbaserte krav kan vere føremålstenleg, men det føreset at krava er tilstrekkeleg presise til å sikre likeverdig tryggleik på tvers av anlegg og aktørar.

Frå kommunen si side er det særleg viktig at endringane i forskrifta tek omsyn til konsekvensane for lokalsamfunna nedstraums for vassdragsanlegg. Dammar og andre vassdragsanlegg kan representere ein betydeleg risiko for liv, helse, miljø og materielle verdiar dersom det oppstår svikt. Kommunen vil difor understreke behovet for at krav til beredskap, varsling og samhandling vert tydeleg regulert og styrkt.

Kvinnherad kommune legg vekt på at endringar i klassifisering og risikovurdering av vassdragsanlegg må vere baserte på oppdatert kunnskapsgrunnlag. Resultata av slike vurderingar bør i tilstrekkeleg grad gjerast tilgjengelege for kommunane, slik at dei kan nyttast aktivt i kommunalt arbeid med heilskapleg ROS-analyse, beredskapsplanlegging og arealforvaltning.

Vidare vil kommunen peike på behovet for god samhandling mellom anleggseigarar, NVE og kommunane. Kommunane har ei sentral rolle i å handtere konsekvensane av uønskte hendingar, og det er difor viktig at informasjonsflyt og samarbeidsrutinar er tydelege og godt forankra. Dette gjeld særleg i situasjonar som krev rask koordinering og krisehandtering.

Kommunen meiner også at omsynet til klimaendringar og eit endra risikobilde må bli tydelegare. Auka frekvens av ekstremvær og flaumhendingar stiller strengare krav til både dimensjonering, drift og beredskap ved vassdragsanlegg, og dette må reflekterast i regelverket.

Samla sett støttar Kvinnherad kommune arbeidet med revisjon av damsikkerheitsforskrifta, og legg til grunn at endringane vil bidra til å styrkje tryggleiken ved vassdragsanlegg. Kommunen føreset samstundes at forskrifta vert utforma slik at ho gir eit tydeleg, føreseieleg og etterprøvbart

grunnlag for både aktørar og myndigheiter, og at kommunane sine behov for informasjon og samhandling vert ivaretekne.